



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Kommunestyret
Møtedato:	30.10.2025
Møtetid:	10:00 -14:45
Møtestad:	Matre, kinosalen, BKK

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti
Erlend Kvamsdal	ordfører	H
Sigrun Haugsdal Reknes	medlem	H
Kariann Ekren	medlem	H
Gunnar Andvik	medlem	H
Vebjørn Haugsdal	medlem	H
Bjarte Andvik	medlem	H
Veronika Hjartholm	medlem	H
Geir Egil Haugsvær	varaordfører	SP
Stian Søyvik	medlem	SP
Torill Torsvik Størkersen	medlem	AP
Mariann Fløtre Andvik	medlem	AP
Ragnvald Tangedal	medlem	AP
Ørjan Daae	medlem	FRP
Svein Bjarte Fredheim	medlem	FRP

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Aina Sleire	medlem	AP

Tove Kristin Sleire Tistel	medlem	V
Rigmor Søyvik	medlem	SP

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Vara for	Parti
Marit Bjånes Bjørneklett	Aina Sleire	AP
Alf Magnar Strand	Tove Kristin Sleire Tistel	V

Følgjande frå administrasjonen møte:

Anne Kristin Rafoss	rådgjevar
Svein Helge Hofslundsengen	rådmann
Sveinung Toft	assisterande rådmann

Møteprotokoll er publisert på nettsida til kommunen og vert godkjent i neste møte.

Anne Kristin Rafoss

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Tittel	Unntak frå innsyn
PS 70/2025	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 71/2025	Godkjenning av møteprotokoll frå kommunestyremøte 25.09.25	
PS 72/2025	Økonomisk rapportering - 2.tertial 2025	
PS 73/2025	Kraftfondsbudsjettet for 2026	
PS 74/2025	Eigarmelding 2025	
PS 75/2025	Forprosjekt - kommunalebygg - nedsal	
PS 76/2025	Duesund marina SA - søknad om støtte gjennom kraftfondet	
PS 77/2025	Oppfølging av plansaker som legg opp til nedbygging av myr og natur - høringsak	
PS 78/2025	Høringsuttale frå Masfjorden kommune kring evt. grensejustering mellom Alver og Modalen, alt. Masfjorden kommune	
PS 79/2025	Val av medlemmer til Ungdomsrådet 2025-2026	
PS 80/2025	Referat- og orienteringssaker	
RS 19/2025	Sakliste Regionråd 3-2025, fredag 24. oktober kl. 09:00 - 15:00	
RS 20/2025	Statsbudsjett2026	
RS 21/2025	Møteprotokoll frå Eldrerådet 24.09.25	
RS 22/2025	Møteprotokoll frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 24.09.25	
RS 23/2025	Møteprotokoll Ungdomsråd 22.09.25	

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.10.2025 av sak 70/2025 Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 30.10.2025 av sak 70/2025 Godkjenning av innkalling og saksliste:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.10.2025 av sak 71/2025 Godkjenning av møteprotokoll frå kommunestyremøte 25.09.25

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 30.10.2025 av sak 71/2025 Godkjenning av møteprotokoll frå kommunestyremøte 25.09.25:

.Møteprotokoll frå kommunestyremøte 25.09.25 vert godkjent.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.10.2025 av sak 72/2025 Økonomisk rapportering - 2.tertial 2025

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 30.10.2025 av sak 72/2025 Økonomisk rapportering - 2.tertial 2025:

Vedtak frå kommunestyret:

Driftsbudsjett 2025 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn drift.

Investeringsbudsjett 2025 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn investering.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.10.2025 av sak 73/2025 Kraftfondsbudsjettet for 2026

Framlegg til vedtak frå Kraftfondstyret vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 30.10.2025 av sak 73/2025 Kraftfondsbudsjettet for 2026:

Vedtak frå kommunestyret:

1.Årsbudsjettet for kraftfondet 2026 vert fastsett slik;

		Budsjett
		2026
Inntekter:	Påfyll kraftfondet - konsesjonsavgift	-3 770 000
	Avdrag utlån frå kraftfondet	-150 000
	Rente utlån frå kraftfondet og andre inntekter	-80 000
	Sum inntekter	-4 000 000
Utgifter:	Masfjordsambandet - brufond jf. KS 45/12	1 000 000
	LVK, regionrådet, m.fl. – tilskot/kontigent 2026	650 000
	Arrangement, profilering av kommunen/div tiltaksmidlar	220 000
	Næringsarbeid innan kommuneadminstrasjonen	100 000
	Elevbedrift/grundercamp	30 000
	Bustadføremål	650 000
	Prosjekt "Ta fjorden i bruk att"	200 000
	Landbruk	100 000
	Andre næringstiltak - (GMU med 350.000)	350 000
	Etableringstilskot	300 000
	Frie fondsmidlar til fordeling	400 000
	Sum utgifter	4 000 000

2.Tildeling av frie midlar frå kraftfondet skjer ved hovudfordeling i september med søknadsfrist 15.juni 2026, og 2.tildelingsrunde i nov/desember 2026 med søknadsfrist 1.november 2026. Det vert opna for å ta opp hastesaker.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.10.2025 av sak 74/2025 Eigarmelding 2025

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 30.10.2025 av sak 74/2025 Eigarmelding 2025:

Vedtak frå kommunestyret:

Eigarmelding 2025 vert teken til vitring

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.10.2025 av sak 75/2025 Forprosjekt - kommunalebygg - nedsal

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 30.10.2025 av sak 75/2025 Forprosjekt - kommunalebygg - nedsal:

Vedtak frå kommunestyret:

Kommunestyret vedtek oppstart av forprosjekt for vurdering om nedsal av kommunale eigedommar samt overføring av kommunale eigedommar til Masfjordbygg AS.

Det vert løyvd krone 500.000,- til arbeid med forprosjektet, finansiert med fondsmidlar.

Arbeidet med forprosjektet skal vera gjort ferdig hausten 2026.

Rådmannen oppnemner tilsette frå ulike einingar som skal vere med i arbeidsgruppa.

Viktige brukargrupper skal involverast i arbeidet, som brukarar - og leigetakarar av bygga.

Formannskapet vert styringsgruppe for arbeidet.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.10.2025 av sak 76/2025 Duesund marina SA - søknad om støtte gjennom kraftfondet

Framlegg til vedtak frå Kraftfondstyret vart samrøystes vedteke,

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 30.10.2025 av sak 76/2025 Duesund marina SA - søknad om støtte gjennom kraftfondet:

Vedtak frå kommunestyret:

- 1.Duesund marina SA får tilbod om lån gjennom kraftfondet med stort kr. 400.000 til omsøkt investeringsføremål
- 2.Lånet vert gitt med inntil 10 års nedbetalingstid
- 3.Lån med pant i utstyr/anlegg
- 4.Frist for å nytte lånetilsagnet vert sett til den 30.04.2026

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.10.2025 av sak 77/2025 Oppfølging av plansaker som legg opp til nedbygging av myr og natur - høyringsak

Saka vart drøfta.

Rådmannen sette fram følgjande framlegg til vedtak i møtet:

- Masfjorden kommune ser med stor uro på at Miljødirektoratet har sendt ut eit forslag til endring i plan- og bygningslova om generelt forbod mot bygging i områder med myr. Landskapet på Vestlandet er varierende, og eit generelt byggjeforbod i område der myr føre kjem vil få store konsekvensar for utviklinga i distriktskommunane på Vestlandet. Masfjorden kommune støttar difor ikkje framlegget mot nedbygging av myr slik det no ligg føre. Ein er samd i føremålet om å ta vare på myrområde av omsyn til natur og klima, men ein meiner dette kan gjerast i medhald av eksisterande verkemiddel, lovverk og planretningslinjer.

Kommunane har god lokal kunnskap om kva myrområde som er eigna til vern, og kva område som har større verdi for vidare utbygging til næringsområde eller andre føremål.

Masfjorden kommune vil peika på at målkonfliktar mellom klima, natur, samfunnskritisk infrastruktur, næringsutvikling og grøn omstilling må løysast i gode planprosessar som tek omsyn til lokalt handlingsrom og kommunalt planskjøn.

Eit eventuelt forbod må etter Masfjorden kommune si vurdering ikkje få tilbakeverkande kraft på godkjente reguleringsplanar, og formuleringa i § 1-8 a siste ledd der det står følgjande bør gå ut: Slik plan kan bare vedtas dersom en klar overvekt av interesser taler for det. Denne setninga meiner kommunestyret vil medføre at det vert ein høgare terskel for at kommunen gjennom reguleringsplan skal kunne opna for nedbygging av myr enn for anna arealbruk, og opnar for ein ny og strengare statleg kontroll av reguleringsplanar i desse områda. Eit krav om klar overvekt av interesser inneberer og ei innstramming frå det som elles følgjer av plan- og bygningslova og difor ei innstramming av det kommunale sjølvstyret. Masfjorden kommune meiner at målet om å beskytta myr kan ivaretakast gjennom eksisterande verkemidlar for statleg styring, utan at det må innførast eit generelt skjerpa vilkår for unntak for nedbygging av myr.

Vert det likevel innført eit forbod bør dette avgrensast til myr djupare enn 1 meter, og til myrer som har ein storleik på minimum 5 dekar. Mindre flekkar av myr «lappetepper» må ikkje takast med i forbodet. Det må vere eit krav at eit eventuelt myrforbod får ei klar definisjon av storleiken av myra og djupna av denne, og at denne typen myrområde vert klarlagt og kartlagt i statleg regi.

Masfjorden kommune oppmodar til slutt at det vert vurdert ei ordning med tilskot til frivillig vern av myrareal, slik det vert gjort med skogsareal. Det vil gjere det mindre interessant å byggja ned verdifulle myrareal.

Framlegg til vedtak sett fram i møtet vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 30.10.2025 av sak 77/2025 Oppfølging av plansaker som legg opp til nedbygging av myr og natur - høyringsak:

Vedtak frå kommunestyret:

Masfjorden kommune ser med stor uro på at Miljødirektoratet har sendt ut eit forslag til endring i plan- og bygningslova om generelt forbod mot bygging i områder med myr. Landskapet på Vestlandet er varierende, og eit generelt byggjeforbod i område der myr føre kjem vil få store konsekvensar for utviklinga i distriktskommunane på Vestlandet. Masfjorden kommune støttar difor ikkje framlegget mot nedbygging av myr slik det no ligg føre. Ein er samd i føremålet om å ta vare på myrområde av omsyn til natur og klima, men ein meiner dette kan gjerast i medhald av eksisterande verkemiddel, lovverk og planretningslinjer.

Kommunane har god lokal kunnskap om kva myrområde som er eigna til vern, og kva område som har større verdi for vidare utbygging til næringsområde eller andre føremål.

Masfjorden kommune vil peika på at målkonfliktar mellom klima, natur, samfunnskritisk infrastruktur, næringsutvikling og grøn omstilling må løysast i gode planprosessar som tek omsyn til lokalt handlingsrom og kommunalt planskjøn.

Eit eventuelt forbod må etter Masfjorden kommune si vurdering ikkje få tilbakeverkande kraft på godkjente reguleringsplanar, og formuleringa i § 1-8 a siste ledd der det står følgjande bør gå ut: Slik plan kan bare vedtas dersom en klar overvekt av interesser taler for det. Denne setninga meiner kommunestyret vil medføre at det vert ein høgare terskel for at kommunen gjennom reguleringsplan skal kunne opna for nedbygging av myr enn for anna arealbruk, og opnar for ein ny og strengare statleg kontroll av reguleringsplanar i desse områda. Eit krav om klar overvekt av interesser inneberer og ei innstramming frå det som elles følgjer av plan- og bygningslova og difor ei innstramming av det kommunale sjølvstyret. Masfjorden kommune meiner at målet om å beskytta myr kan ivaretakast gjennom eksisterande verkemidlar for statleg styring, utan at det må innførast eit generelt skjerpa vilkår for unntak for nedbygging av myr.

Vert det likevel innført eit forbod bør dette avgrensast til myr djupare enn 1 meter, og til myrer som har ein storleik på minimum 5 dekar. Mindre flekkar av myr «lappetepper» må ikkje takast med i forbodet. Det må vere eit krav at eit eventuelt myrforbod får ei klar definisjon av storleiken av myra og djupna av denne, og at denne typen myrområde vert klarlagt og kartlagt i statleg regi.

Masfjorden kommune oppmodar til slutt at det vert vurdert ei ordning med tilskot til frivillig vern av myrareal, slik det vert gjort med skogsareal. Det vil gjere det mindre interessant å byggja ned verdifulle myrareal.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.10.2025 av sak 78/2025 Høyringsuttale frå Masfjorden kommune kring evt. grensejustering mellom Alver og Modalen, alt. Masfjorden kommune

Saka vart drøfta.

Det vart bede om gruppeleiar møte og møtet vart heva.

Det vart jobba fram følgjande framlegg til vedtak i møtet gjennom gruppeleiar møtet:

- Masfjorden kommune har mottatt innbyggjarundersøkinga om grensejustering i Alver for bygdene Romarheim og Vikanes med interesse. Masfjorden kommune forstår det slik at valet synes å stå mellom grensejustering med Modalen eller å fortsette i Alver for bygdene Romarheim og Vikanes. Masfjorden kommune ynskjer sjølv sagt nye innbyggjarar velkommen til vår kommune, også når det gjeld ei evt. grensejustering som i dette tilfellet. Masfjorden kommune vil kunne ivareta innbyggjarane i desse to bygdene på ein god måte, både med tanke på oppvekstvilkåra, arbeidsplassar og helse- og omsorgstenester.

I første omgang vil barnehage kunne løysast ved Matre barnehage. Barne- og ungdomsskule vil vi kunne tilby ved Matre skule, ca. 20-30 min. bussavstand frå desse bygdene. Matre skule har gode fasilitetar på basseng og idrettsanlegg. Det same gjeld fritidsaktivitetar der.

Masfjorden kommune har eit godt undervisningsopplegg i den kommunale kulturskulen og eit idrettsskuletilbud for barne- og mellomtrinnet, der det alltid er god kapasitet. Kommunen har gode idrettsfasilitetar ved skulane. Kommunen har også starta opp reguleringsarbeid for ein fleirbrukshall ved Nordbygda skule. Det er dessutan skisenter med moglegheit for alpin, og preparerte langrennsløyper i Stordalen.

Masfjorden kommune arbeider tett med Gulen kommune om næringsutvikling gjennom GMU. Dei fleste private arbeidsplassane ligg derfor like over grensa til Gulen, i Sløvåg og Skipavika. For å utvide arbeidsmarknaden for desse næringsområda arbeider Masfjorden med å etablere Masfjordsambandet som fast samband mellom Masfjordnes og Duesund. For tida arbeider kommunen med å leggje til rette for etablering av eit datalagringscenter på Matre. Dette vil vere arbeidsplassar i kort kjøretid frå bygdene Romarheim og Vikanes.

Masfjorden kommune sitt helse- og omsorgssenter er lokalisert på Hosteland med legekontor, fysioterapi, sjukeheim og NAV kontor. Sjukeheimen arbeider tett med heimetenesta som er godt rigga for å kunne bu heime lengst råd er. Masfjorden kommune har også eit godt støtteapparat for dei som bur i tilrettelagte bustader ved MBA. Alt i kort avstand frå legekontor, sjukeheim, skule og idrettsanlegg. Masfjorden

kommune har også investert i omsorgsbustader i bygdene Haugsvær og Matre og har starta eit forprosjekt for vidare utbygging ved Masfjorden sjukeheim.

Masfjorden kommune ynskjer innbyggjarane i bygdene Romarheim og Vikanes velkomne om det vert valgt ei grensejustering som går mot Masfjorden. Det vil då vere naturleg å få dette avklara i samband med kommunen sin komande samfunnsplan som for tida er på høyring og føreståande arbeid med arealplanlegginga i Masfjorden.

Framlegg til vedtak jobba fram i møtet vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 30.10.2025 av sak 78/2025 Høyringsuttale frå Masfjorden kommune kring evt. grensejustering mellom Alver og Modalen, alt. Masfjorden kommune:

Vedtak frå kommunestyret:

Masfjorden kommune har mottatt innbyggjarundersøkinga om grensejustering i Alver for bygdene Romarheim og Vikanes med interesse. Masfjorden kommune forstår det slik at valet synes å stå mellom grensejustering med Modalen eller å fortsette i Alver for bygdene Romarheim og Vikanes. Masfjorden kommune ynskjer sjølvstendige nye innbyggjarar velkommen til vår kommune, også når det gjeld ei evt. grensejustering som i dette tilfellet. Masfjorden kommune vil kunne ivareta innbyggjarane i desse to bygdene på ein god måte, både med tanke på oppvekstvilkåra, arbeidsplassar og helse- og omsorgstenester.

I første omgang vil barnehage kunne løysast ved Matre barnehage. Barne- og ungdomsskule vil vi kunne tilby ved Matre skule, ca. 20-30 min. bussavstand frå desse bygdene. Matre skule har gode fasilitetar på basseng og idrettsanlegg. Det same gjeld fritidsaktivitetar der.

Masfjorden kommune har eit godt undervisningsopplegg i den kommunale kulturskulen og eit idrettsskuletilbud for barne- og mellomtrinnet, der det alltid er god kapasitet. Kommunen har gode idrettsfasilitetar ved skulane. Kommunen har også starta opp reguleringsarbeid for ein fleirbrukshall ved Nordbygda skule. Det er dessutan skisenter med moglegheit for alpin, og preparerte langrennsløyper i Stordalen.

Masfjorden kommune arbeider tett med Gulen kommune om næringsutvikling gjennom GMU. Dei fleste private arbeidsplassane ligg derfor like over grensa til Gulen, i Sløvåg og Skipavika. For å utvide arbeidsmarknaden for desse næringsområda arbeider Masfjorden med å etablere Masfjordsambandet som fast samband mellom Masfjordnes og Duesund. For tida arbeider kommunen med å leggje til rette for etablering av eit datalagringscenter på Matre. Dette vil vere arbeidsplassar i kort kjøretid frå bygdene Romarheim og Vikanes.

Masfjorden kommune sitt helse- og omsorgssenter er lokalisert på Hosteland med legekontor, fysioterapi, sjukeheim og NAV kontor. Sjukeheimen arbeider tett med heimetenesta som er godt rigga for å kunne bu heime lengst råd er. Masfjorden kommune

har også eit godt støtteapparat for dei som bur i tilrettelagte bustader ved MBA. Alt i kort avstand frå legekontor, sjukeheim, skule og idrettsanlegg. Masfjorden kommune har også investert i omsorgsbustader i bygdene Haugsvær og Matre og har starta eit forprosjekt for vidare utbygging ved Masfjorden sjukeheim.

Masfjorden kommune ynskjer innbyggjarane i bygdene Romarheim og Vikanes velkomne om det vert valgt ei grensejustering som går mot Masfjorden. Det vil då vere naturleg å få dette avklara i samband med kommunen sin komande samfunnsplan som for tida er på høyring og føreståande arbeid med arealplanlegginga i Masfjorden.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.10.2025 av sak 79/2025 Val av medlemmer til Ungdomsrådet 2025-2026

Oppvekstleiar Wenche Daa møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 30.10.2025 av sak 79/2025 Val av medlemmer til Ungdomsrådet 2025-2026:

Vedtak frå kommunestyret:

Ungdomsrådet for 2025-2026 vert samansett slik:

Sandnes skule sine representantar:

Madelein Stand Andvik, vara Andrea Lathi Fjellby

Oliver Ekren, vara Karina Totland Rong

Nordbygda skule sine representantar:

Håvard Halland, vara Lisa Marie Kvamsdal

Thea Birkeland-Soma, vara Nora Kristine Reknes Larsen

Matre skule sine representantar:

Håkon Kjetland, vara Lukas Venslauskas Trædal

Maja Storsæter Hope, vara Augusta Trædal Berg

Ungdomsrådet utnemner to representantar frå vidaregåande skular etter Ungdomsrådet er konstituert. Rådmann lagar liste med aktuelle kandidatar til Ungdomsrådet.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 30.10.2025 av sak 80/2025 Referat- og orienteringssaker

Orientering:

Eviny Fornýbar v/Frode Langhelle orienterte om Eviny generelt og stasjonen på Matre meir detaljert før synfaring i stasjonen.

Referatsaker:

- Sakliste Regionråd 3-2025, fredag 24.oktober kl 09:00-15:00
- Statsbudsjettet 2026
- Møteprotokoll frå Eldrerådet 24.09.25
- Møteprotokoll frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 24.09.25
- Møteprotokoll frå Ungdomsrådet 22.09.25
- Møteplan for 2026 (lagt fram i møtet)
 - kommunestyret slutta seg samla til framlegg til møteplan 2026

Orientering frå ordførar:

- Ørjan Daae (Frp) orienterte frå representantskapsmøtet i NGIR
- ordførar orienterte kort om status Masfjordsambandet
- ordførar orienterte kort om status omsorgsbustader Haugsvær

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 30.10.2025 av sak 80/2025 Referat- og orienteringssaker:

Referat- og orienteringssaker vert tekne til vitring.

